

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 6

Fylke: Sør-Trøndelag

Tilleggsspørsmålnr. Tilleggsspørsmål

Herad: Støren

Emne: Folkelege musikkinstrument

Bygdelag: Haukdalsgrenda

Oppskr. av: Jens Haukdal

Gard: Sørstua

(adresse): Snøan

G.nr. 59 Br.nr. 3

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Etter samtale med fleire .

SVAR

1) Ein kjenner ikkje til lurar som har vori rulla saman av bork.

2) Desse orda: Halme og harpipe er ikkje kjende.

3) Som rangle for born har ein hatt borklur med erter inni. Desse ranglene var laga slik: Ein tok eit stykke av rogn eller seljegrain på den tida om våren då sevja gjekk. Løyste borken av, skar til to stykke av treet i høveleg lengd og sette dei inn att. Men først fylde ein fem - seks erter inni. Det heile vart så set bort til turk, og når det var tørka kunne barnet få leika si. Det var holdbare rangler, og billege. Ei anna form for rangle var laga i dreiebenk. Dei hadde form som ei dokke med fleire laussvarva ringar på midten. Denne vart også kalla for rangle.

4) Ein har kjenskap til fleire måtar å få fram smell på. Smella eit blad i handa, smella ein papirpose fyllt med luft, og så blomsterkrona på ymse slag blommar. Det er serleg Egn-smelle: Siléne inflata som har vori bruka. Ein har og bruka glør, men ein har ikkje bruka å smella desse på ambolten. Det er serleg attmed pinsebålet ein moroa seg med dette. Ein tok ei stor, fin glo or bålet, la henne på ein stein, blåste til ho lyste kvitt, sputta så i gloa og slo til med økshammaren. Det gav ein kvass smell mest som eit geverskot. Smellen vart kalla: ~~kjøsskot~~ kjøsskott. kølsmelli. Elles var det vanleg å gje salut med gevær eller dynamit for brurfolk.

5) Dei ulåte som ein veit å fortelja om kan nemmast det sætertausene gjorde når dei visste av at det var udyr i fjellet, og det var mest kvar sommar i eldre tid. Dei bruka då å ta bukjelen ut på vollen og ramla på han med ein kjepp. Dei hadde avtala kva tid på dagen dei skulle ramla på kjelane, og heile sætergrendene var då einaste stor stygglate. Varg og bjørn tok til rømsla.

Jens Haukdal.